



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 01.08.2018
Vår ref.: 2018/12074-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Knut Bjørnevoll

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Eidsnes ytre - Gnr. 215 Bnr. 2 - Dispensasjon for etablering av massedeponi - Lindås kommune

Viser til brev datert 20.06.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn og telefonsamtale med saksbehandlar i kommunen 01.08.2018. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men delar av området har typografiske trekk som gjer at det kan vere potensial for nye funn. Det er difor naudsynt med ei synfaring før me kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før me har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.